



Luster kommune

Kommunikasjonsreglement

Tenestetelefon og breiband
Tildeling og godtgjersle

Vedtak: 15.11.06 **ADU-sak:** 0013/06

Sist endra: 13.11.18 **D-sak:** 399/18 **Gjeld frå:** 14.11.18

1. VIRKEOMRÅDE	3
1.1 FØREMÅLET MED REGLEMENTET	3
1.2 KVEN REGLEMENTET GJELD FOR	3
2. HEIMEL OG GYLDIGHEIT	3
2.1 HEIMEL	3
2.2 GYLDIGHEIT	3
3. TELEFON	3
3.1 TELEFON - TILDELING.....	3
3.2 TELEFON - GODTGJERSLE	3
3.3 BEREDSKAPSTELEFON/ARBEIDSTELEFON	4
3.4 UTLÅN AV TELEFON.....	4
4. BREIBAND	4
5. ANNA	4
5.1 OVERGANG TIL ANNA FUNKSJON/STILLING. ENDRING I TILSETJINGSFORHOLD	4
5.2 ARBEIDSTAKAR SLUTTAR/PERMISJON	4
6.0 ENDRING AV REGLEMENTET	4

1. Virkeområde

1.1 Føremålet med reglementet

Føremålet med reglementet er å regulera tildeling av tenestetelefon og godtgjersle for tilsette i Luster kommune. Reglementet skal sikre at dei tilsette får ein mest mogeleg lik handsaming med rom for individuelle tilpasningar, og at godtgjersle og innrapportering er i samsvar med gjeldende skattereglar.

1.2. Kven reglementet gjeld for.

Reglementet gjeld for tilsette i Luster kommune i følgjande grupper:

Gruppe 1: Ein del leiarar - definert av rådmannen

Gruppe 2: Resten av leiarane og andre tilsette som arbeidsgjevar finn det naudsynt må vere tilgjengeleg. Desse kan alternativt plasserast i gruppe 1.

2. Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Skattereglar for beredskapstelefonar – rundskriv frå Finansdepartementet 09.10.06.

Melding frå skattedirektoratet av 01.01.16, *arbeidsgivar sin dekning av arbeidstakar sine kostnader til elektronisk kommunikasjon.*

2.2 Gyldigheit

Reglement trådde i kraft frå og med 01.01.2007. Det er i revidert utgåve tilpassa skattereglane, med verknad fra 01.01.2016.

3. Telefon

3.1 Telefon - tildeling

Tilsette som får telefongodtgjersle må nytte eigne mobiltelefonar. Rådmann har mynde til å inngå særavtalar av omsyn til tenesta.

Tenestetelefon og telefongodtgjersle vert innvilga av rådmannen.

3.2. Telefon - godtgjersle

Tilsette som får godtgjersle i høve bruk av eigen mobiltelefon i tenestesamanheng, vert det nytta slike satsar:

Gruppe 1: 4000,- pr. år

Gruppe 2: 2000,- pr. år

Arbeidstakaren som får telefongodtgjersle må akseptere at namn og telefonnummer kan først opp i telefonkatalogen under aktuell eining.

Telefongodtgjersle vert knytt til bruk av mobiltelefon.

Rådmann må av skattemessige omsyn føre oversikt over kven som mottok telefongodtgjersle til ei kvar tid.

3.3 Beredskapstelefon/Arbeidstelefon

Ein del av einingane i kommunen er pålagt beredskap og kjem ikkje utan vidare inn under reglane for godtgjersle. Desse einingane/tilsette kan som alternativ:

1. Tildelast mobiltelefon som berre skal nyttast i tenesta/arbeid.
2. Tildelast mobiltelefon som i dag m/skattelegging

3.4 Utlån av telefon

Arbeidstakar som for kortare periodar har behov for telefon i samband med tenesta, kan disponera telefon for utlån.

4. Breiband

Rådmannen vurderer ut frå behov kven som bør ha oppkopling til kommunen sitt intranett-system i heimen.

Det er lagt til grunn at den tilsette har breiband og at det som hovudregel ikkje vert ytt godtgjersle utover kostnad med oppkopling.

5. Anna

5.1 Overgang til anna funksjon/stilling. Endring i tilsetjingsforhold

Når ein arbeidstakar går over i anna funksjon/stilling eller stillinga sine oppgåver og innhald vert vesentleg endra, skal ordninga med tenestetelefon mm. vurderast på nytt.

5.2 Arbeidstakar sluttar/permisjon

Når arbeidstakar sluttar/har permisjon, opphøyrar godtgjersla ved sluttdato/permisjonsdato. Dette gjeld ved permisjon meir enn 3 månader.

5.3 Erstatning

Ved tap av/skade på privat mobiltelefon i arbeid/teneste, vil arbeidsgivar ha som utgangspunkt at den tilsette skal haldast skadeslaus.

6. Endring av reglementet

Reglementet kan endrast av administrasjonsutvalet. Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i reglementet på bakgrunn av endringar i lover, forskrifter, skattereglar m.m.